

Vedlegg 1

TIDLEGARE REGELVERK I FYLKESKOMMUNANE

Sogn og Fjordane: Omfang av forskotteringsgjeld/forpliktingar er minimalt. Det vert vist til vedtak i fylkestinget i sak 59/10:

1. *Følgjande retningslinjer skal leggjast til grunn for forskottering på fylkesveg:*
 - a) *Det kan gjevast løyve til forskottering av investeringsprosjekt under føresetnader av at:*
 - *prosjektet er prioritert i handlingsprogram for fylkesvegnettet /*
 - *det ligg føre godkjent reguleringsplan for prosjektet*
 - b) *Det kan gjevast løyve til forskottering av planleggingsmidlar under føresetnad av at prosjektet er prioritert i planleggingsprogrammet.*
 - c) *Forskotterar skal vere ansvarlig for å forskottere midlar utan opphald etter rekvisisjon frå fylkeskommunen slik at føresettt framdrift i prosjektet kan haldast.*
 - d) *Forskotteringa skal omfatte heile prosjektkostnaden inkludert : • plan og prosjekteringskostnader • prisstigning • eventuell anna kostnadsauke i byggeperioden på inntil 10 pst. av samla prosjektkostnad*
 - e) *Forskotteringssummen skal refunderast utan kompensasjon for prisstigning og renter på eventuelle lån*
 - f) *Refusjon av forskottet skal skje når prosjektet kjem i løyvingsposisjon i det vedtekne handlingsprogrammet. Ved ein ev. større reduksjon i det samla framtidige handlingsrommet for fylkesveginvesteringar kan refusjonstidspunktet skyvast ut i tid i inntil 2 år.*
 - g) *Det skal til ein kvar tid vurderast om omfanget av forskotteringar er rimeleg i høve til dei samla rammene til fylkesveginvesteringar og i høve til at omfanget ikkje skal legge urimeleg press på kapasiteten til planlegging og på anleggsbransjen.*
2. *Det ligg til fylkestinget å inngå forskotteringsavtalar.*

Hordaland: Det vert vist til vedtak i fylkestinget i sak 61/14:

Fylkestinget viser til sak 43/13 der fylkestinget ber om ei prinsipp sak i høve forskottering i saker der det ligg føre utbyggingsavtalar og rekkefølgjekrav. Fylkestinget legg følgjande til grunn:

1. *Rekkjefølgjekrav for privat(e) utbyggjar(ar) som gjeld fylkesvegar, er primært som eit krav som utbyggjar(ane) må oppfylle utan fylkeskommunal løyving.*
2. *Dersom fylkeskommunen skal bidra med løyving eller tilskot til utbyggjar, må tiltaket ha eit slikt behov at vegeigar ut frå overordna og heilskapleg prioritering måtte ha utført utbetring/bygging, uavhengig av utbygginga.*
3. *Dersom tiltaket ut frå overordna og heilskapleg prioritering, uavhengig av utbygginga, ville medført utbetring/bygging i løpet av 10-20 år, er forskottering aktuell.*
4. *Eit fylkeskommunalt bidrag må forhandlast om ut frå nytte for HFK. I alle høve er forskottering avgrensa i samsvar med Regional transportplan.*
5. *For framtida blir det ikkje høve til å søkja om forskottering etter at (realiserings-)avtalar er inngått.*
6. *Spørsmål om fylkeskommunalt bidrag i samband med rekkefølgjekrav og (utbyggings-)avtalar vert handsama og grunngjevne i samsvar med prinsippa ovanfor.*